

Saksbehandlar: Eilif Ullestad Rosnæs, Plan og samfunn
Sak nr.: 21/1866-21

Tilsegn på tilskot til nærmiljøtiltak 2021

Kommunalsjefen rår komité for samfunnsutvikling til å gjere slikt vedtak:

Kommunalt tilskot til nærmiljøtiltak, fyrste tildelingsrunde, vert fordelt som følgjer, med ei total ramme på kr 245 147:

Søkjjar	Tiltak	Budsjett	Søknads- sum	Type tiltak	Tilråding
Tjugum og Esefjorden Grendalag	Leiklass i Skrovlevegen	22495	7000	Anlegg	7000
Syrl handball	Arrangere handballhelg	70000	50000	Arrangement	7000
Sogndal speidargruppe	Frisbeegolf-baner	180000	30000	Anlegg	15000
Sogndal speidargruppe	Lagerbygg	210000	10000	Anlegg	5000
Sogndal rullarlag	Skatebordrampe ved Kvåle	94576	37547	Anlegg	37547
Sogn paragliderklubb	Paragliderkurs	76000	10000	Arrangement	2000
Røysaleite Grendalag	Ballbaneprosjekt	50000	20000	Anlegg	15000
Sogndal idrettslag - orienteringsgruppa	Nærmiljøkart - div.	2000000	90000	Anlegg	20000
Indre Sogn Kystlag	Setje i stand nytt naust	40435	20000	Anlegg	5000
Lundene vel	Re etablere Aneflaten leike- og samlingsplass	158000	80000	Anlegg	15000
Fjordane grendalag	Stølsberg friområde	49000	35000	Anlegg	15000
Balestrand idrettslag	Saurdal skiarena - nytt skitau og sikringsnett	25000	25000	Anlegg	20000
Vetlefjorden idrettslag	Fellestur til Lidal	10000	10000	Arrangement	6000
Fjærestad vel	Rehabilitering av sti	12600	10600	Anlegg	10600
Kjørnes vel	Opprusting av badeplass Vikane	80000	80000	Anlegg	0
Kjørnes vel	Aktivitetspark	1766388	80000	Anlegg	15000

Leikanger skyttarlag	Uteområde	50000	20000	Anlegg	10000
Balestrand pensjonistlag	Kvileplass Grotvin	105000	100000	Anlegg	0
Balestrand pensjonistlag	Sansehage Balestrand helsetun	120000	100000	Anlegg	0
Norane idrettslag	Oppkøyring av skiløyper i Øvstedalen	10000	10000	Anlegg	10000
Norane idrettslag	Sykkelløype	50000	40000	Anlegg	15000
Sogn terrengsykkel	Pumptrack - asfalttering	1828549	60000	Anlegg	15000
Totalt		7008043	924547		245147

Vedlegg:

1. Retningslinjer til nærmiljøtilskot
2. Tilråding frå råd for fysisk aktivitet og friluftsliv
3. Søknad Tjugum og Esefjorden grendalag
4. Søknad Syril handball
5. Søknad Sogndal speidergruppe
6. Søknad Sogndal speidergruppe
7. Søknad Sogndal rullarlag
8. Søknad Sogn paragliderklubb
9. Søknad Røysaleite Grendalag
10. Søknad Sogndal idrettslag – orienteringsgruppa
11. Søknad Indre Sogn kystlag
12. Søknad Lundene vel.
13. Søknad Fjordane grendalag
14. Søknad Balestrand idrettslag
15. Søknad Vetlefjorden idrettslag
16. Søknad Fjærestad vel.
17. Søknad Kjørnes vel.
18. Søknad Kjørnes vel.
19. Søknad Leikanger skyttarlag
20. Søknad Balestrand pensjonistlag
21. Søknad Balestrand pensjonistlag
22. Søknad Norane idrettslag
23. Søknad Norane idrettslag
24. Søknad Sogn Terrengsykkel

1. Samandrag

Saka gjeld kommunalt tilskot til nærmiljøtiltak. I første søknadsrund har det kome inn 22 søknader og ei total søknadssum på kr 925 147,-. Ramma er på kr 300 000,- som skal fordelast på to søknadsrunder. Ramma for denne runda vert det tilråd til totalt kr 245 147,-.

2. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

Det er gledeleg at vi har kome dit, at søknader om kommunalt tilskot til nærmiljøtiltak er kome inn og at vi no kan ha første tildeling av desse midlane. Vi veit at det er fleire lag, som har venta lenge på dette.

Kommunalt tilskot for nærmiljøanlegg/tiltak har som føremål og leggje tiltrette for utvikling og betring av tettstader i kommunen. Fremje folkehelse og trivsel i befolkninga har vore viktig for denne saka. Born og unge er ei viktig fokus(mål?) gruppe for desse midlane. Retningsliner for desse midlane følgjer som vedlegg 1.

Til første søknadsrunde kom det inn 22 søknader. Samla kostnad for tiltaka er på kr 7 008 043,-. Dette er ein god dokumentasjon på korleis det står til med dugnadsviljen i denne bygda og det må vi takke alle laga for. Dei driv og gjer ei svært god teneste for oss alle.

Den totale søknadssummen er kr 925 147,-. Ramma for dette tilskotet er kr 300 000,-. Det er planen at det i år skal vere to søknadsrundar for dette tilskotet. Det er dermed slik at alle søkjarane ikkje kan få heile summen dei søker om denne gong. Av den grunn er dei fleste søkjarane trekt noko ned i tilsegnssum, i høve søknadssum. Kommunen har prioritert varige anlegg først, samt at gruppa barn og unge er prioritert på topp. Denne prioriteringa meiner vi er rett, fordi varige anlegg gjev mest aktivitet på sikt og barn og unge er den gruppa som er minst mobile og har størst behov for fysisk og psykisk utvikling. Prioritering av tilskotet har fått dette prioriteringsoppsettet:

1. Varige anlegg for born og unge.
2. Varige anlegg for eldre.
3. Varige anlegg som gjev eit tilbod som ikkje finst frå før.
4. Varige anlegg elles.
5. Tiltak/arrangement som er retta mot born og unge, samt minoritetsgruppe i samfunnet.
6. Tiltak/arrangement som er retta mot eldre.
7. Tiltak/arrangement elles.

Tiltak/anlegg for eldre er også viktig. Etter born og unge meine vi at dei også har stort behov for gode nærmiljøanlegg/tiltak og at det ikkje bør vere for langt for dei å bevege seg for å nå eit område dei kan trivast i, utanom deira eigen heim.

Generelt har vi ønskt å gje midlar til flest moglege søkjarar. På grunn av søknadsmengda no og sidan dette er første runde, vert det lagt opp til å bruke litt over 4/5 av den totale ramma no. Vi rekne med at søknadsmengda går ned noko for neste runde.

På grunn av feilarkivering har denne saka vore endra ein gang etter at den vart utsendt til komiteen. Det er lagt til to søknader som ikkje kom med i første runde.

3. Vurderingar og konsekvensar

Følgjande vurderingar er gjort for kvar enkelt søknad. Vurderinga og forslaget til tilsegn er i samsvar med det rådet for fysisk aktivitet og friluftsliv har kome med.

Tjugum og Esefjorden Grendalag - Leikelass i Skrovlevegen

Søker om utbetring av leikeplassen i deira nærmiljø. Søknaden passar godt inn i retningslinene for dette tilskotet. Søknadssummen er på kr 7 000,-, og er innanfor kva tilgjengelege midlar legg opp til for denne runden. Tilråding for tilsegn på midlar vert kr 7 000,-.

Syrl handball – Arrangere handballhelg

Søker om tilskot til å arrangere ei handballhelg i Leikanger med aktivitetar for både vaksne og born. Søkar skriv at ein av motivasjonane er å syte for å behalde utøvarane så lenge som mogleg. Arrangementet verkar bra, og det passar godt inn i retningslinene til tilskotet. På grunn av manglande midlar og at vi har prioritert varige anlegg høgare, kan vi ikkje gje tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 50 000,-. Tilråding for tilsegn på midlar vert kr 7 000,-.

Sogndal speidargruppe – Frisbee golfbane

Søker om tilskot til å opprette to Frisbee golfbanar med 6 og 9 hol. Dette tilbodet er noko vi nesten ikkje har i kommunen. Aktiviteten er populær og sterkt veksande på landsbasis, spesielt for born og unge. Søknaden passar godt inn i retningslinene for dette tilskotet. På grunn av manglande midlar og at vi ønskjer at anlegga vi gjev støtte til i hovudsak skal basere seg på dugnad, og ikkje løna arbeid, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 30 000,-. Tilråding for tilsegn vert på kr 15 000,-. Tiltaket må syne at det er fullfinansiert før utbetaling.

Sogndal speidargruppe – Lagerbygg

Søker om tilskot til lager for utstyret. Tiltaket er naudsynt for aktiviteten til speidaren, likevel ser vi på eit lager som eit tiltak som ikkje direkte gjev auka aktivitet. På grunn av manglande midlar og at vi ønskjer at anlegga vi gjev støtte til i hovudsak skal gje auka eller ny aktivitet direkte, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 10 000,-. Tilråding for tilsegn vert på kr 5 000,-.

Sogndal rullarlag - Skatebordrampe ved Kvåle

Anlegget er akkurat ferdigstilt. Det vil gje svært stor aktivitet på Kvåle, og tilbodet har vore eit sårt tiltrengt anlegg over lenger tid. Ein uforutsett situasjon gjorde at kostnaden på dette anlegget vart dyrare enn forutsett. Dette kan setje dette laget, samt laget sin leiar i eit økonomisk uføre. Rådet for fysisk aktivitet skriv følgjande, «*Støttes som et godt tilbud og et anlegg som er unikt i kommunen (ev Sogndalsområdet?)*». På grunn av den spesielle situasjonen Sogndal rullarlag har hamna i, vert det tilrådd å dekke heile denne søknadssummen. Søknadssummen på kr 37 547,- er det same som tilrådinga i denne søknaden.

Sogn paragliderklubb – paragliderkurs

Søklar om støtte til gjennomføring av kurs. Dette vert rekna som eit arrangement. Kostnaden tiltaket krev er stort sett løn til instruktør, forsikring og slitasje på materiell. Dette meiner kommunen at klubben sjølv må dekke mesteparten av kostnaden for. Vi tykkjer likevel det er bra at paragliderklubben held kurs i Sogndal. På grunn av manglande midlar og prioritering av varige anlegg før arrangement, kan vi ikkje tilrå tilsegn på heile søknadssummen på kr 10 000,-. Tilråding for tilsegn på søknaden vert kr 2 000,-.

Røysaleite Grendalag – Ballbaneprosjekt

Søklar om støtte til rehabilitering av fotballbana i nærmiljøet deira. Løft av slike nærmiljøanlegg passar godt inn i retningslinene for dette tilskotet. På grunn av manglande midlar, kan vi ikkje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 20 000,-. Tilråding for tilsegn vert på kr 15 000,- for denne søknaden.

Sogndal idrettslag, orienteringsgruppa – Nærmiljøkart, -div.

Søklar om støtte til tre nærmiljøkart for orientering. Karta skal vere tilgjengelege for alle. Rådet for fysisk aktivitet skriv følgjande: «*Vi støtter 20k for kart (definert som anlegg), men ikke aktiviteten (kursingen) i denne omgang. Det kan søkes om aktivitetsstøtte seinere*». Administrasjonen stør denne tilrådinga. Anlegget kan potensielt gje stor aktivitet i lang tid. På grunn av manglande midlar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 90 000,-. Tilråding for tilsegn vert på kr 20 000,- for denne søknaden.

Indre Sogn Kystlag – Setje i stand nytt naust

Søkjær om støtte til å setje i stand eit tredje naust i Amla. Naustet skal fungere som lager og vedlikehaldsplass for trebåtane som laget nytte. Laget har om sommaren aktivitet på fjorden for lagets medlemmar og born og unge som ønskjer vere med. Søknaden vert samanlikna med lagerbygget til speidaren. Anlegget fremjar ikkje aktiviteten direkte, og vi kan difor ikkje tilrå å støtte heile søknadssummen. Tilrådinga for denne søknaden vert på kr 5 000,-.

Lundene vel - Re etablere Aneflaten leike- og samlingsplass

Søkjær om rehabilitering av leik- og samlingsplassen i nærområdet til velforeininga. Nye leikeapparat, gapahuk, rehabilitering av fotballbane og nye bord og benkar er blant tiltaka som er planlagt. Anlegget passar godt inn i retningslinene for tilskot. På grunn av manglande midlar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 80 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 15 000,-.

Fjordane grendalag - Stølsberg friområde

Søkjær om utbetring og rehabilitering av friområdet i nærmiljøet. Leikeapparat, utedo og utbetring av kaia er blant tiltak nemnt i søknaden. Tiltaka utbetrar eit ope anlegg og gjev friområdet opplagt betre kvalitet. På grunn av manglande midlar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 35 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 15 000,-.

Balestrand idrettslag - Saurdal skiarena - nytt skitau og sikringsnett

Søkjær om utbetring av heisanlegg og tryggleiksnett til alpinbakken. Skianlegget er drifta på dugnad og gjev stor aktivitet til heile bygda om vinteren. Anlegget er spesielt godt eigna for born som skal lære seg å stå på ski. Anlegget og søknaden passar svært godt inn i retningslinene for dette tilskotet. På grunn av manglande midlar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 25 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 20 000,-.

Vetlefjorden idrettslag - Fellestur til Lidal

Søkjær om støtte til å dekke båtutgifter for eit arrangement og fellestur til Lidal. Arrangementet bidreg til å få folk ut i naturen og til fysisk og sosial aktivitet. Dette passar godt inn i retningslinene. På grunn av manglande midlar og at vi har prioritert varige anlegg høgare kan vi ikkje gje tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 10 000,-. Tilråding for tilsegn på midlar vert på kr 6 000,-.

Fjærestad vel – Rehabilitering av sti

Søker om støtte til å rehabilitere ein sti i nærmiljøet. Stien er mykje brukt og har i vinter rasa ut på to stader. På grunn av tryggleikssyn ønskjer velforeininga no å setje den i staden igjen. Anlegget passar godt inni retningslinene. Søknadssummen er på kr 10 600,-, og dette er innanfor kva tilgjengelege midlar legg opp til for denne runden. Tilråding for tilsegn på midlar til søknaden vert kr 10 600,-.

Kjørnes vel. - Opprusting av badeplass Vikane

Søker om støtte til utbetring av badeplass i Vikane på Kjørnes. Flytebrygge, stupetårn og kajakknaust vert nemnd som del av dette tiltaket. Det vert også skrive at det skal utarbeidast ein spelemiddelsøknad for tiltaka i haust. Det ligg ikkje føre detaljert kostnadsoppsett for kva kostnadane for dette anlegget vil vere. Vi forstår utifrå søknaden at dette er eit prosjekt noko fram i tid. Sogndal kommune ønskjer med dette tilskotet å stø tiltak som i hovudsak skal utførast innanfor ei ikkje altfor lang tidsramme. I tillegg er det viktig for kommunen at vi kjenner totale kostnader for tiltaket og korleis ein skal finansiere dei. Vi kan difor ikkje tilråde å gje tilskot til dette tiltaket i denne runden, men oppfordrar søkjar til å søkje i neste runde. Tilråding for tilsegn på midlar til søknaden vert kr 0,-.

Kjørnes vel – aktivitetspark

Søklar om støtte til ei større utbetring av friområde på Kjørnes. Anlegget har 5 spelemiddelsøknader inne for dette området frå før, og ventar på tilsegn frå fylket på desse. Anlegget er stort og vil gje eit stort løft for tilbodet på Kjørnes. Sykkelbane, volleyballbane, rehabilitering av ballbinge, klatrestativ og styrkestativ er dei 5 ulike tiltaka det er søkt spelemidlar om. Det er stor dugnadsinnsats i laget, og søklar har også søkt kommunen om forskotering av spelemidlar. Dette er ikkje gjeve då kommunen ikkje har slik ordning per i dag. Søknaden passar godt inn i retningslinene for tilskot i denne ordninga. På grunn av manglande midlar og mange søknadar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 80 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 15 000,-.

Leikanger skyttarlag – uteområde

Søklar om støtte til uteområde ved skyttarstadion. Tiltaket gjeld innkjøp av grill, fotballbord og biljardbord. Tiltaket søker å fremje ein sosial møteplass her. Tilskotet skal i hovudsak leggje til rette for tiltak som fremjar direkte aktivitet. Sosial møteplass er med i retningslinene, men på grunn av stor søknadsmengde og mange andre søknader som i større grad føre til meir aktivitet direkte, kan vi ikkje tilrå å gje heile søknadsbeløpet på kr 20 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 10 000,-.

Balestrand pensjonistlag – Kvileplass på Grotvin

Søklar om støtte til å etablere ein kvileplass på Grotvin i utkanten av Balestrand sentrum. For dette området er det planlagt eit prosjekt via prosjektavdelinga i kommunen, som ikkje er ferdig enda. Før dette prosjektet er klart vert det for tidleg å gje tilskot til eit anna

prosjekt på same stad. Vi oppfordrar søkjar til å søkje igjen seinare. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 0,-.

Balestrand pensjonistlag – Sansehage Balestrand helsetun

Søkjar om utbetring av hagen på helsetunet. Denne hagen er inngjerda og eit tilbod som helsetunet har. Sogndal kommune eig og driftar denne hagen. Dette behovet må difor dekkast av kommunen sitt eige budsjett. Desse midlane er retta mot tiltak som ikkje er offentleg. Vi takkar pensjonsitlaget for eit godt engasjement og tiltak, men kan på grunn av nemnde årsaker ikkje tilrå midlar til dette tiltaket. Vi oppfordrar til å ta kontakt med drifts avdelinga til kommunen. Tilråding for tilsegn på midlar til søknaden vert kr 0,-.

Norane idrettslag - Oppkøyring av skiløyper i Øvstedalen

Søkjar om støtte til drift av oppkøyring av skiløyper i Øvstedalen. Tiltaket er eit svært viktig tiltak for heile bygda i Øvstedalen og område rundt. Tiltaket skapar stor aktivitet for alle aldrar og er svært viktig for trivsel og folkehelsa i vinterhalvåret. Tiltaket passar godt inn i retningslinene og vi finn at vi har tilgjengelege midlar nok til å støtte heile søknaden. Tilråding for tilsegn på midlar til denne søknaden vert kr 10 000,-.

Norane idrettslag – Sykkelløype

Søkjar om støtte til opparbeiding og bygging av ny sykkelløype på Ylvisåker. Liknande tiltak har vore svært godt teke i mot på blant anna Kaupanger. Det er stor grunn til å tru at det same kjem til å skje her og at dette tiltaket vil utløyse mykje aktivitet, spesielt for born og unge. Tiltaket passe godt inn i retningslinene for dette tilskotet. På grunn av manglande midlar og mange søknadar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 40 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 15 000,-.

Sogn terrengsykkel – Pumptrack, asfaltering

Søkjar om støtte til og asfaltere pumptracken/sykkelløypa ved Kaupanger stadion. Tiltaket er svært populært og er størst av sitt slag i Vestland fylke. Asfaltering av dette anlegget vil også gje andre enn sykklar tilgang på anlegget. Det vil også senke behovet for vedlikehald og generelt ei mykje betre sykkeloppleving. Tiltaket passe godt inn i retningslinene for dette tilskotet. På grunn av manglande midlar og mange søknadar, kan vi ikkje gje tilrå tilsegn på heile søknadsbeløpet på kr 60 000,-. Tilråding for tilsegn på denne søknaden vert på kr 15 000,-.

4. Konklusjon

Kommunalsjefen for plan og samfunn tilrår at det vert gjev tilsegn på til saman kr 245 147 for første søknadsrunde til kommunalt tilskot til nærmiljøanlegg/tiltak. Fordelinga av tilskotet vert som synt til under vurdering i denne saka.